



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato
04.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2012/12535 632.2
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

2170pcb

Tilskottsbrev til investering i utstyr i samband med konvertering frå IFI til DFS-Opplæring i kriminalomsorga.

Hordaland fylkeskommune får tildelt kr. 177436,- til investering i utstyr i samband med konvertering frå IFI til DFS i 2015 i opplæring innanfor kriminalomsorga. Tilskottet blir overført til **kontonummer: 5201 06 74239 merka: Opplæring innanfor kriminalomsorga.**

Kriminalomsorga vedtok hausten 2014 at IFI skal konverterast til DFS. IFI - internett for innsette – er det systemet som skolane innanfor kriminalomsorga inntil no har nytta for få tilgang til internett sikra av kriminalomsorga. Dei siste åra har kriminalomsorga arbeidd med ei ny løysing DFS – desktop for skolen. For kriminalomsorga vil den nye løysinga vere meir rasjonell å drifte og tilby høgare grad av sikkerheita. Konverteringa inneber at skolane må investere i nytt IKT utstyr i tråd med spesifikasjonar frå kriminalomsorga.

Tilskottet må sjåast på som eit tillegg til allereie overførde tilskott til opplæring innanfor kriminalomsorga i 2014. Tilskottet blir overført seint i rekneskapsåret 2014. Fylkesmannen i Hordaland vil ta omsyn til dette ved gjennomgang av reviderte rekneskap for 2014 og søknad om overføring av ubrukke midlar frå 2014 til 2015.

Fylkesmannen i Hordaland ber om reviderte rekneskap for bruken av alle tilskott for 2014 innan 01.03.201 jamfør punkt 1.3 i «Avtale om statlig tilskudd til fengselsundervisningen, godkjenning av budsjett m.v (15. juli 1988)». Vi gjer og merksam på at §10 i «Bevilgningsreglementet» gjer Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føre kontroll med at tilskott blir nytta i samsvar med gjeldane reglar.

Ved kjøp av IKT-utstyr i opplæring innanfor kriminalomsorga bør krav til utstyr følgjast. Vi viser her til tidlegare utsendt notat: Krav til maskinvare i Desktop for skolen (DFS). Fylkesmannen i Hordaland viser også til fagsiden «Internett for innsatte (IFI)» på «Opplæring innen kriminalomsorgen» sitt domene på It's learning for nyare informasjon. IKT-ansvarlege ved den enkelte skoleavdeling har tilgang til It's learning. Ta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland ved Bent Dahle Hansen (bent.hansen@gronland.oslovo.no) om spørsmål kring IKT utstyr til DFS.

Med helsing

Anne K. Hjermann
utdanningsdirektør

Paal Chr Breivik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Kriminalomsorgsdirektoratet Postboks 344 2001 LILLESTRØM